

NYGAARD FESTIVALEN 2025



JON
FAUKSTAD
TIL ÆRE!

22.-24. AUGUST
PÅ RUDI GARD

Nygaardfestivalen heidrar kvart år ein markant spelmann eller ei gruppe. Oddvar Nygaard var den fremste trekkspelaren i Gudbrandsdalen i si samtid, og han inspirerte mange til musikalsk nyskaping.

I 2025 er det Jon Faukstad som står i fokus. Jon har vore fulltids trekkspelar heile sitt vaksne liv. Det er i år 60 år sidan han hadde sin radiodebut. Etter det har han vore å sjå og høyre utallige gonger i NRK. Han begynte å spela til dans som 14-åring, etterkvart også med felespelarar, inspirert ikkje minst av Oddvar Nygaard og hans kvartett. Men Jon interesserte seg også for klassisk musikk, og han tok utdanninga si i musikkvitskap ved Universitetet i Oslo, og i klassisk trekkspel ved Det Kgl. Danske Musikkonservatorium i København. Han har reist verda rundt, både med og utan trekkspel og vart vår fyrste professor i trekkspel ved Norges musikkhøgskole. Pedagogen Jon Faukstad har han forma ei lang og glitrande perlerad av trekkspelarar. Mange av desse får vi møte denne helga.

Fredag 22. august

Oppspel, jubileumskonsert og dans

19.00 «Jubileumskonsert – Fron Trekkspelklubb 50 år»

Oddvar Nygaard gjorde opptakta til Fron Trekkspelklubb i 1975, og han var musikalsk leiar til han gjekk bort i 1985. Denne kvelden står Fron trekkspelklubb i sentrum. Ved sidan av jubilaranten får vi oppleve markante utøvarar som helsar ved 50-årsmarkeringa. Trekkspelklubbar kjem frå Lillehammer, Lom, Vågå, Folldal, og Lom Toradergruppe, Moss Spelemannskompani, Pianokameratene, På 2. rad, Skrot og Kvarts blir også å høyre. Håkon Sveen og Rasmus Stauri framfører skråblikk på historia til trekkspelklubben, og trekkspel og gammaldans i det store bildet.

21.00 Dans til påmeldte grupper og lag

Aktørane som var med i konserten klemmer til med solid dansemusikk både i fjaset og i Rudilåven.

Laurdag 23. august

Festivaldag med konsertar, historier og dans

09.00 Frokost i Rudilåven

12.00 Formiddagsdans i Rudilåven

Skrot spelar opp kvar si økt til formiddagsdans. Dans som du kan, eller få gode tips av nokre av landets aller fremste dansarar.

14.00 Faulkstad-bonanza – allspel

Sosialt samspel der alle er velkomne til å delta, og publikum er invitert til å høyre på. Vi plukkar ut kjende låtar frå Jon sitt gammaldansrepertoar og køyrer allspel på svensk maner. Om du ikkje kan alle låtar er det berre å ta på sordinen eller ta pause til neste låt. Økta blir avslutta med gjennomspeling av felleslåttane til spelemannsmessa i Sør-Fron kyrkje søndag, der også alle er velkomne til å ta med instrument og bidra.

15.30 «Jon Faulkstad – pioner og spelman av breitt format» – ein samtalekonsert

Jon Faulkstad er både tradisjonsspelmann og den som har brøytta veg for trekkspellet som konsertinstrument. Denne utrulege reisa vil gje gløtt inn i både gjennom prat, musikk og bilde på storskjermen. Gjester i sofaen er Jon sjølv, Aslak Brimi, Tom Willy Rustad, Kristina Farstad Bjørdal og eit par til som du vil koma til å like!

16.30 Boklansering – repertoaret til Hans W. Brimis kvartett på noter

Jon Faulkstad var ei årrekkje trekkspelar i lag med legendariske Hans W. Brimi. No gjev sonen Rolv Brimi og barnebarn Aslak Brimi ut det samla repertoaret til kvartetten på noter, og samlinga blir presentert her både med ord og tonar.

17.00 Ungdomskonserten 2025!

Eftaskonserten med musikanter og dansere under 25 år. Alle instrument er velkomne, og Sparebank 1 Gudbrandsdal bidreg med ei hyggeleg påskjønning til den framføringa som gjer sterkast inntrykk. Programleiar er Odd Arne Halaas.

19.00 Festkonsert for Jon Faulkstad

Tidlegare studentar av Jon Faulkstad, og nokre som ikkje har vore det går i lag om ein stjernespekka festkonsert til ære for Jon. Det blir både solistar og samspel mellom Jo Asgeir Lie, Per Arne Glorvigen, Brodd – Aslak Brimi, Steinar Odde, Henning Lad, Vegard Hansen og Irene Tillung, Mads Erik Odde og Geir Marius Thorud, Simen Håland, Ole Nilssen, Pianokameratene, Kristina Farstad Bjørdal og Britt Elise Skram, Nye Ringnesin, Frode Haltli, Mukampen Spelmannslag, Skrot.

21.00 Dans til påmelde grupper og lag

Festkveld i Rudilåven og i fjaset med Ovrums kvintett, Nye Ringnesin, Brodd, Pianokameratene, Farstad Bjørdal & Skram, Haltli Familieorkester, Sør-Fron Spelemannslag, Ruggein, Moss Spelemannskompani, Mukampen Spelemannslag.

Søndag 24. august

12.00 Spelmannsmesse i Sør-Fron Kyrkje (Gratis)

Spelmannsmesse er ei oppleving og kyrkja er ein flott samarbeidspart for festivalen. I år vil folkemusikkklurgien som Jo Asgeir Lie har komponert bli brukt. Spelmenn som er på festivalen, og fleire av Jon Faulkstad sine studentar er med og løfter kyrkjetaket med himmelsk spelmannsmusikk.



Overnatting

RUDI GARD

Camping rett ved Rudilåven kr 500 pr vogn for helga. Telt gratis.

Forslag til andre overnattingstader:

rudigard.no

Velkome!

Helsing komiteen for Oddar Nygaard-festivalen

Tom Willy Rustad
GUDBRANDSDALSMUSEA

Odd Arne Halaas
NORSKE TREKKSPILLERES
LANDSFORBUND

Øystein Rudi
RUDI GARD

Mari Synnøve Stakston
FAMILIEN NYGAARD

Billetter

Gjennomgang kr 600,-
Fredag kveld..... kr 300,-
Laurdag dagtid kr 300,-
Laurdag dag & kveld kr 450,-
Laurdag kveld kr 300,-
Søndag..... gratis

www.rudigard.no | www.ticketco.no
og ved inngangen på Rudi Gard

www.rudigard.no